



VINJE KOMMUNE

Tenestetorget

Melding om vedtak

Rune og Ann-Christin Wasler
Gravaåsen 56

3940 Porsgrunn

Delegert sak nr. 16/81

Sakshandsamar	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
KJELLNE	2016/881	8404/2016	138/98	12.04.2016

138/98 - Eitt - trinns søknad - fritidsbustad

Løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova (PBL) § 20-3.

TILTAK: Fritidsbustad
TILTAKETS ADRESSE: Solåsen 13, 3864 Rauland
EIGEDOM: Gnr bnr i Vinje kommune
ANSVARLEG SØKJAR: Sigvartsen Design AS, Kragerudveien 140, 2013 Skjetten
TILTAKSHAVAR: Rune og Ann-Christin Wasler, Gravaåsen 56, 3940 Porsgrunn
BRA (NS 3940): 96,2m²
BYA (NS 3940): 106,3m²

VEDTAK

1. Bakgrunn/utgreiing av tiltaket er gjeve jf. pkt.1 med underpunkt i saksutgreiinga.
2. Ansvarsrett og godkjenning av føretak jf. PBL § 22-3 og § 23-1 i samband med tiltaket vert gjeve jf. pkt. 2 med underpunkt i saksutgreiinga.
3. Søknaden vert godkjent på fylgjande vilkår jf. pkt. 3 med underpunkt i saksutgreiinga.

Særskilte vilkår som ikkje er oppgjeve i pkt. 3 i saksutgreiinga.

SAKSUTGREIING

1. Bakgrunn og beskriving

Referanse:

1.1 Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20120004
Harkjelstaullii sør.

Grunnlag for handsaminga:

1.3 Søknad om løyve til tiltak etter PBL § 20-3 registrert 06.04.2016. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 05.04.2016, jf. saksmappenr. (jnr.) 2016/881-1 med vedlegg.

1.4 Tiltaket gjeld fritliggende fritidsbustad. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg. Særskilt fylgjeskriv datert 05.04.2016, vedlegg nr. 1.

1.5 Naboar er varsla 15.03.2016.

Det har ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen. Det er heller ikkje oppgjeve nabomerknadar frå ansvarleg søkar.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjonen ser ut til å vera tilfredsstillande jf. PBL § 21-2.

2. Ansvarsrett og godkjenning

2.1 Oversikt over ansvarlege føretak som har erklæra ansvar, vedlegg nr. 8.
Søkar(ane) ser ut til å ha oppfylt krav til godkjenning etter SAK 10 og PBL.

2.2 Erklæring om ansvarsrett frå føretak, vedlegg nr. 9 - 13.
Søkar(ane) ser ut til å ha oppfylt krav til godkjenning etter SAK 10 og PBL.

Ansvar i samband med tiltaket jf. PBL § 23-4 og § 23-5

	Ansvarsbelagde område innafor Prosjektering og Ansvarleg søkar	Tilt. kl.	Føretak m/organisasjonsnummer		God kj.
SØK	Ansvarleg søkar	1	Sigvartsen Design AS	Orgnr: 911 638 509	S
PRO	Arkitektur	1	Sigvartsen Design AS	Orgnr: 911 638 509	S
PRO	Sanitær,- varme og slukke.instalasje.	1	Vinje Rør AS	Orgnr: 914 988 977	S

SØK = Ansvarleg søkar – PRO = Ansvarleg prosjekterande
godkjenning

S = Sentral godkjenning L = lokal

Ansvarleg søkar og Ansvarleg prosjekterande sitt ansvar er gjeve i *Forskrift om byggesak* §12-2 og §12-3

Ansvar i samband med tiltaket jf. PBL § 23-6

	Ansvarsbelagde område innafor Utføring av tiltaket	Tilt. kl.	Føretak m/organisasjonsnummer		God kj.
UTF	Innmåling og utstikking av tiltaket	1	Skorve Anlegg AS	Orgnr: 911 217 414	S
UTF	Grunnarbeid og landskapsutforming	1	Skorve Anlegg AS	Orgnr: 911 217 414	S
UTF	Plasstøypte betongkonstruksjonar og radontiltak	1	Notodden Flis og Mur AS	Orgnr: 986 576 932	S
UTF	Tømrararbeid og montering av trekonstruksjonar	1	Sigvartsen Design AS	Orgnr: 911 638 509	S
UTF	Våtrom	1	Sjølvyggar Rune Wasler		
UTF	Pipe/eldstad	1	Sjølvyggar Rune Wasler		
UTF	Sanitær,- varme og slukke.instalasje.	1	Vinje Rør AS	Orgnr: 914 988 977	S

UTF = Ansvarleg utførande
godkjenning

S = Sentral godkjenning L = lokal

Ansvarleg utførande sitt ansvar er gjeve i *Forskrift om byggesak* §12-4

3. Vilkår

3.1 Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i PBL og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 10).

3.2 Utvendig skal ein bruke naturvenlege mørke jordfargar, ståande kraftig kledning over alt, også under vindauga og i gavlane, alternativt lafta tømmer.

3.3 Taktekking skal være torv.

3.4 Dersom hytta står på pålar må det setjast opp gjerde mellom desse, slik at ikkje sau og liknande dyr kjem under hytta.

3.5 Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 10, kapittel 9 og i forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall (Avfallsforskrifta).

3.6 Tilknytingsavgift (eingongsavgift) for vatn og kloakk blir rekna etter gjeldande satsar i kommunen, jf. *Føresegner for vatn- og kloakkavgifter i kommunen*. I tråd med sanitærreglementet for Vinje kommune gjer ein utbyggjar særskilt merksam på tekniske føresegner med krav om

minsteavstand frå nybygg til VA-leidningar på 4 meter, samt kravet til overhøgde på minimum 90 cm frå botnsluk til samleidning.

Før tilkopling til både offentlege og private vatn- og avlaupsanlegg **skal** ein varsle avdeling for Teknisk drift og vedlikehald i Vinje kommune.

Der kommunen har eige overvassanlegg, skal ein knyte seg til dette.

Forsvarleg handtering av overvatn er tiltakshavars ansvar.

3.7 Før tiltaket vert teke i bruk må det søkast om ferdigattest eller midlertidig bruksløyve jf. PBL § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

3.8 Om tiltaket ikkje er påbyrja innan 3 år eller vert innstilt for lengre enn 2 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort jf. PBL § 21-9.

3.9 Handsamingsgebyr blir rekna etter regulativ:

Lokal godkjenning av sjølvbygger: 1.800,-

Løyve til tiltak – BYA større enn 80 m² : 19.200,-

Arealgrunnlag: BRA/BYA = 96,2 m²/ 106,3 m².

Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 01.01.2015) for byggesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato. Faktura vert ettersendt.

3.10 Areal ein skal rekna tilknytingsavgift for: BRA = 96,2 m²

Orientering om renovasjonsordning og årlege kommunale avgifter ligg ved.

Konklusjon

Vilkåra etter PBL § 20-3 med dokumentasjonskrav etter PBL § 21-2 ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeva løyve til tiltaket i samsvar med PBL § 21-4.

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Negarden
Byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sigvartsen Design AS, Kragerudveien 140, 2013 Skjetten